

## RETNINGSLINJER FOR AMBULERANDE SKJENKELØYVE I SKODJE

Kommunestyret har i Ruspolitisk handlingsplan vedteke å gi rådmannen delegert mynde til å avgjere søknader om ambulerande skjenkeløyve.

### Definisjon:

Ambulerande skjenkeløyve kan berre gjevast til slutta lag.

Heimel i alkoholoven § 4-5.

Gjeld **berre** skjenking – ikke sal.

I utgangspunktet tenkt brukt ved bryllup, jubileum o.l., arrangement med eit bestemt formål (lukka arrangement).

Krav til dei som deltek. **Må** vere ”**deltakarar i slutta selskap**”.

-personlig invitert

-personkretsen må ikkje være open for utanforståande

-kretsen av deltakarar må vere definert – eller i alle fall godkjent av arrangør

Vanlege medlemsmøte i ei foreining vil ikkje oppfylle lova sine krav til ”slutta selskap”.

Det må skiljast mellom det som er slike lag sin normale aktivitet og enkelthøve som jubileum o.l.

### Ansvarleg for skjenkinga:

Søklar må ha ein person som får ansvaret for skjenkinga.

Den ansvarlege må ha fylt 20 år og ha den tillit at løyvet ikkje vert misbrukt.

Vedkomande har plikt til å sjå til at skjenkinga skjer på ein forsvarleg måte og i samsvar med Alkoholova, m.a. at skjenking ikkje skjer til synleg rusa personar.

Tidsavgrensing: Kvart løyvevedtak vert avgrensa til eit døgn.

### Skjenking av øl, vin og brennevin:

Det er ikkje tillate å skjenke eller utlevere alkoholhaldig drikk til personar under 18 år.

Brennevin må ikkje skjenkast til personar under 20 år.

Alkoholova § 4-4 seier skjenking av øl og vin kan skje frå kl. 08.00 – 01.00, skjenking av brennevin frå kl.13.00 - 24.00.

Kommunen kan utvide skjenketida, men likevel innafor desse absolutte rammene:

Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 er forbode mellom kl. 03.00 og 13.00. Skjenking av anna alkoholhaldig drikk er forbode mellom kl. 03.00 og 06.00.

Tida for skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3 kan ikkje fastsetjast utover den tida det kan skjenkast anna alkoholhaldig drikk.

Konsum av alkoholhaldig drikk må opphøyre seinast 30 minuttar etter utløp av skjenketida.

Den som skjenker alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent alkohol eller meir, må ha fylt 20 år, og den som skjenker anna alkoholhaldig drikk må ha fylt 18 år.

### Søknad:

Søknad om ambulerande skjenkeløyve må vere innlevert **seinast 14 dagar før arrangementet** for å vere sikra tid nok til behandling og utsending av vedtak.

### Avgift:

Det blir kravd ei avgift etter gjeldande fastsette satsar ved kvar tildeling.